

Vedtekter

Vedtekne av årsmøtet 12. mars 2018

§ 1 Namnet på laget er Vennelaget Samlagsrota

§ 2 Føremål og medlemskap

- (1) Vennelaget vart skipa i 2013 av folk som sluttar opp om Det Norske Samlaget og er glade i nynorsk språk og litteratur. Laget arbeider med å spreie kunnskap om nynorske forfattarskapar, og med å utvikle og skaffe støtte til tiltak og bokprosjekt som er viktige for nynorsken.
- (2) Berre fysiske personar kan vere medlemmer i laget.

§ 3 Årsmøtet

- (1) Årsmøtet har øvste styringa i laget.
- (2) Alle medlemmer har rett til å møte på årsmøtet med framleggs-, tale- og røysterett. Styreleiar eller nestleiar har plikt til å vere til stades.
- (3) Laget skal halde ordinært årsmøte innan utgangen av mars kvart år. Styret skal på førehand varsle alle medlemmene med kjend adresse om møtedato og frist for å kome med saker.
- (4) Årsmelding og innkomne saker skal takast opp og avgjerast på det ordinære årsmøtet. Årsmelding skal liggje føre i årsmøtelokalet.
- (5) Årsmøtet fastset eventuelle medlemspengar og held val. Dersom det skulle bli aktuelt å krevje inn medlemspengar, må vedtektena få reglar om korleis midlane skal forvaltast og ettersynsordning (revisjonsordning) for midlane.
- (6) Årsmøtet vel møteleiar, referent og to medlemmer til å skrive under referatet.
- (7) Årsmøtet kan ikkje gjere vedtak i andre saker enn dei som er nemnde i innkallinga. Vedtak på årsmøtet krev vanleg fleirtal av dei opptalte røystene. Endring av vedtektena krev to tredjedels fleirtal av dei røystene som er gitt.
- (8) Ekstraordinært årsmøte skal haldast når styret finn det nødvendig, eller når minst 25 medlemmer krev det og samstundes melder kva for saker som skal takast opp.

§ 4 Innkalling til årsmøtet

- (1) Styret kallar inn til årsmøtet. Innkallinga skal vere send seinast tre veker før møtet. Ekstraordinært årsmøte kan om nødvendig kallast inn med minst tre dagars varsel.
- (2) Alle medlemmer med kjend adresse skal ha skriftleg innkalling med sakliste per e-post. Saker som ein medlem ønskjer å ta opp på det ordinære årsmøtet, skal nemnast i innkallinga når styret har motteke saka før den fastsette fristen er gått ut.

§ 5 Styret og valnemnda

- (1) Laget skal ha eit styre med seks medlemmer. Årsmøtet vel styreleiar og styremedlemmer. Styreleia skal veljast særskilt for eitt år om gongen. Styremedlemmene blir valde for to år. Styret vel sjølv nestleiar.

- (2) Årsmøtet vel med vanleg fleirtal ei valnemnd på tre personar etter framlegg frå styret. Medlemmene i nemnda blir valde for eitt år, og nemnda utpeiker sjølv ein som skal leie arbeidet i nemnda.
- (3) Ingen kan ha same verv samanhengande i laget i meir enn åtte år.

§ 6 Arbeidet til styret

- (1) Styreleiaren skal syte for at styret held møte når det trengst. Til vanleg skal det haldast to møte i første halvår og to i andre. Ein styremedlem kan krevje at styret blir kalla saman.
- (2) Styret er vedtaksført når meir enn halvparten av styret er til stades. Vedtak kan gjerast med meir enn halvparten av dei røystene som er gitt. Står røystene likt, avgjer røysta til møteleiaren.
- (3) Styreleiaren skal leie styremøtet. Er ikkje styreleiaren eller nestlearen til stades, skal styret velje ein møteleiar. Styret skriv referat frå møta.
- (4) Styret skal leie verksemda til laget i samsvar med vedtekter og vedtak på årsmøtet.
- (5) Styret kan ta alle avgjerder som etter vedtektena ikkje er lagt til årsmøtet.
- (6) Styreleiaren representerer laget utetter i saker som gjeld den daglege styringa.
- (7) Styret skal føre eit medlemsregister som til kvar tid skal vere oppdatert.

§ 7 Økonomi

Vennelaget Samlagsrota har ikkje eigne midlar. Verksemda til laget vert finansiert av Stiftinga Det Norske Samlaget og etter avtale med forlagsleiinga for kvart år.

§ 8 Opplysing av laget

- (1) Eit vedtak om oppløysing av laget krev to tredjedels fleirtal på årsmøtet.
- (2) Ved oppløysing skal alt som laget eig gå til Det Norske Samlaget. Styret i Stiftinga Det Norske Samlaget gjer sidan vedtak om korleis lagseiga skal nyttast.